



Arkivsaknr: 2026/8644-1
Sakshandsamar: Christian Fredrik Fotland
Avdeling: Kommunedirektør

SAKSFRAMLEGG

Oppfølging av verbalvedtak - Nordhordland regionråd

Utvalssak	Utval	Møtedato
	Formannskapet	
	Kommunestyret	

Kommunedirektøren sitt framlegg til vedtak:

1. Kommunestyret tek saka til orientering. Kommunestyret legg til grunn at hovudmodellen for det regionale samarbeidet blir vidareført. Modellen består av politisk samarbeid gjennom Region Nordhordland interkommunalt politisk råd og administrative og faglege samarbeid på prioriterte område gjennom Region Nordhordland IKS (RNI)
2. Kommunestyret meiner at det politiske regionsamarbeidet gjennom det interkommunale politiske råd bør bli meir målretta. Kommunane bør lage ein felles regional strategi eller eit politisk prioriteringsdokument som avklarar kva saker regionen skal arbeide med, kva som skal vere felles regionale satsingsområde, og kva oppgåver kvar kommune i hovudsak skal ha ansvar for.
3. Kommunestyret legg til grunn at kommunane skal samarbeide regionalt når det gir betre kompetanse, kapasitet, kvalitet, robustheit, ekstern finansiering eller gjennomslagskraft enn kommunen kan oppnå åleine.
4. Kommunestyret ber kommunedirektøren bruke «Alver i endring og omstilling» til å gå gjennom korleis oppgåvene og ansvaret er fordelt mellom kommunen og dei regionale samarbeida. Målet er å redusere eventuelt dobbeltarbeid, realisere gevinstar og sikre at oppgåvene blir løyste på rett nivå.
5. Kommunestyret ber representantane frå Alver kommune i det interkommunale politiske rådet ta initiativ til ei eigardrøfting om kva oppgåver Region Nordhordland skal ha, og kor mykje administrative ressursar som trengst for å løyse dei. Kommunane bør først avklare oppgåvene og dei politiske prioriteringane. Deretter kan dei vurdere behovet for administrative ressursar.

Politisk handsaming

Saka skal til formannskap og kommunestyre

Samandrag:

Faktaopplysningar: Kommunestyret bad i samband med budsjettet for 2025 om ei vurdering av samarbeidsforma i Region Nordhordland. Saka vurderer mellom anna kva oppgåver kommunane bør samarbeide om regionalt, kva oppgåver Alver kommune kan løyse sjølv, korleis samarbeidet støttar drifta og dei vedtekne planane til kommunen, og dei økonomiske sidene ved samarbeidet.

Nordhordland har over lang tid bygd opp eit omfattande regionalt samarbeid. Det politiske samarbeidet er no skilt tydelegare frå dei faglege, administrative og tenesteretta samarbeida. Det politiske samarbeidet er organisert gjennom eit interkommunalt politisk råd (IPR), medan Region Nordhordland IKS har roller innan koordinering, utviklingsarbeid og tenestesamarbeid.

Dagens samarbeid omfattar mellom anna samferdsel og infrastruktur, næringsarbeid, regional påverknad, sekretariat kontrollutval, vidaregåande opplæring og kompetanse, helse og omsorg, oppvekst, digitalisering og innovasjon, digital tryggleik, kartløyisingar, lærling- og kompetansearbeid, biosfærearbeid og t.d. interkommunalplan for sjørareal. På fleire område har samarbeidet også gitt tilgang til ekstern finansiering og utviklingskapasitet.

Kommunedirektøren si vurdering: Kommunedirektøren vurderer at hovudmodellen for det regionale samarbeidet fungerer tilfredsstillande. Det politiske samarbeidet bør likevel bli meir målretta gjennom tydelegare politiske prioriteringar for kva regionen skal arbeide med. Samarbeida innan helse og omsorg og oppvekst blir vurderte som særleg nyttige. Digitalisering, innovasjon og digital tryggleik er òg strategisk viktige område. Region Nordhordland IKS søker no etter ei felles ressurs som skal jobbe med samfunnssikkerheit og beredskap. Denne er ni kommunar med på og finansierer, men ikkje Alver.

For Alver kommune bør effektiviseringsarbeidet først rette seg mot fordelinga av oppgåver mellom kommunen og dei regionale samarbeida. Samtidig bør ordførarane som eigarar drøfte om oppdraget og oppgåvene til Region Nordhordland er tydelege nok, og om dei felles administrative ressursane er tilpassa oppgåvene kommunane ønsker å få løyste.

Saksopplysningar

Kommunestyret gjorde følgjande verbalvedtak i samband med budsjettet for 2025:

«Kommunestyret ber om at samarbeidsform i regionen vert vurdert, og ber kommunedirektøren komme tilbake med sak om dette. Der skal ein sjå på kva oppgåver Regionrådet har i høve til kva oppgåver kommunen kan løysa sjølv med omsyn til drift og ikkje minst vedtekne kommunale planar, til dømes samfunnsplan og strategisk næringsplan, inkludert økonomiske aspekt ved dette.»

I rapporteringa for 2. tertial rapporterte kommunedirektøren på delar av verbalvedtaket.

Rapporteringa blei også sendt til kommunestyret i juni 2026.

Eit regionalt samarbeid bygd over tid

Nordhordland har ein lang tradisjon for å løyse oppgåver i fellesskap. Fedje, Austrheim, Masfjorden, Modalen, Radøy, Meland og Lindås var sentrale i oppbygginga av samarbeidet. Gulen kom til, og etter kvart også Osterøy og Vaksdal. Etter kommunereforma blei Lindås, Meland og Radøy ein del av Alver kommune. Samarbeidet har slik utvikle seg i takt med endringar i kommunestruktur, oppgåver og rammevilkår.

Regionrådet har gjennom mange år vore ein arena for å utvikle felles standpunkt, arbeide med nærings- og samfunnsutvikling og ta initiativ til prosjekt og samarbeid som den enkelte kommune vanskelegare kunne ha utvikle åleine. Fleire av satsingane har over tid utvikla seg til varige interkommunale samarbeid eller eigne faglege strukturar. Knarvik er både eit kommunesenter og eit regionsenter, og Alver kommune nyter godt av dette gjennom at ein får regionale tenester i Knarvik og dermed arbeidsplassar som gir grunnlag for tilflytting og skatteinntekter. Realisering av RNH er eit godt døme eit prosjekt alle kommunane stod saman om, og der vi har sikra oss at spesialisthelsetenesta er lokalisert i Knarvik med nære og gode tenester til våre innbyggjarar. Samstundes får vi varierte og gode arbeidsplassar i vår kommune. Alt dette bidrar til å gjere Alver kommune til ein meir attraktiv kommune å bu i. Det gir også Alver eit særskilt ansvar som vertskommune for regionsenteret, i å vere med å utvikle Knarvik som eit kraftfullt og sentralt regionsenter som også er godt tenleg for dei andre kommunane.

IKT Nordhordland er eit anna sentralt døme. Samarbeidet har gitt kommunane eit felles grunnlag for IKT-drift og seinare for eit breiare samarbeid om digitalisering, innovasjon og digital tryggleik.

Med felles IKT-drift er det lagt eit godt grunnlag for å samarbeide om konkrete tenester i kommunane. Det gir moglegheit for å nytte ut og utvikle sterkare kompetansmiljø og meir effektive tenester med god kvalitet.

På helseområdet har regionen bygd opp samhandlingsarenaer mellom kommunane og helseføretaka og vore sentral i utviklinga av Region Nordhordland Helsehus. Helsehuset samlar kommunale, interkommunale og spesialiserte tenester og er samtidig ein arena for fag- og tenesteutvikling.

Biosfærearbeidet er eit anna døme på ei langsiktig regional satsing. Gjennom samarbeidet er kommunar og andre aktørar samla om berekraftig samfunnsutvikling, natur, kultur, næring og lokal identitet. Nordhordland er gjennom dette arbeidet utnemnt til UNESCO biosfæreområde.

Historia viser at det regionale samarbeidet både har vore ein politisk arena og ein utviklingsorganisasjon. Dette er eit viktig utgangspunkt for å vurdere kva rolle samarbeidet bør ha framover: Kva oppgåver skal løysast regionalt? Kva skal kommunane løyse sjølve? Og korleis kan dei samla ressursane nyttast best mogleg?

Dagens samarbeidsform

Dagens regionale samarbeid består av fleire organisasjonsformer med ulike føremål og styringslinjer. Eit sentralt trekk ved dagens modell er at det politiske samarbeidet frå 2026 er skilt tydelegare frå dei administrative, faglege og tenesteretta samarbeida grunna krav i kommunelova.

Det politiske samarbeidet – interkommunalt politisk råd

Det politiske samarbeidet er organisert gjennom eit interkommunalt politisk råd etter kommunelova. Rådet er arenaen for politisk drøfting, samordning og påverknadsarbeid i saker der kommunane har felles regionale interesser. Ordførarane har ei sentral rolle i å utvikle felles standpunkt og representere regionen i møte med statlege, fylkeskommunale og andre regionale aktørar.

Dagens politiske arbeid er særleg knytt til samfunnsområde som går på tvers av kommunegrensene. Samferdsel og arbeidet med ny Nordhordlandstunnel er eit sentralt døme. Det same er arbeidet som vart gjort med den interkommunale planen for sjøareal, og oppfølgingsprosjektet ein har med «frå rødt til grønt». Det same gjeld også spørsmål om vidaregåande opplæring, kompetanse og rekruttering, nærings- og samfunnsutvikling og andre regionale rammevilkår. På slike område vil ein samla region normalt ha større påverknadskraft enn kvar kommune kvar for seg.

Næringsutvikling illustrerer også behovet for ei tydeleg arbeidsdeling. Alver kommune har ein eigen strategisk næringsplan og eigne ressursar som skal følge opp lokale mål og prioriteringar. Samtidig er

fleire av rammevilkåra for næringslivet regionale, mellom anna samferdsel, energitilgang, kompetanse og rekruttering, vidaregåande opplæring og regional profilering. Det politiske regionsamarbeidet kan derfor ha ei viktig rolle i saker der kommunane har felles interesser, utan at det regionale nivået tek over kommunen sitt eigarskap til den lokale næringspolitikken.

Administrative og faglege samarbeid

Ved sida av det politiske samarbeidet er det etablert fleire administrative og faglege samarbeid. Desse er i stor grad bygde opp rundt område der kommunane har felles utfordringar, behov for spesialisert kompetanse, behov for større fagmiljø eller behov for å koordinere seg mot andre aktørar.

Kommunedirektørane, kommunalsjefane og fagmiljøa i deltakarkommunane deltek gjennom styringsgrupper og ulike faggrupper. Kommunane er dermed ikkje berre mottakarar av regionale tenester, men deltek i prioriteringa og utviklinga av samarbeida. Denne styringsmodellen er viktig for å sikre at det regionale arbeidet tek utgangspunkt i kommunane sine behov og vedtekne prioriteringar.

Region Nordhordland IKS har administrative ressursar og roller innan fleire av desse samarbeida. I tillegg finst eigne organisasjonsformer, som IKT Nordhordland som kommunalt oppgåvefelleskap. At samarbeida er organiserte ulikt, heng saman med oppgåvene, deltakarane og behovet for styring. Samtidig stiller dette krav til tydelege roller og grenseflater.

Regionalt samarbeid innan helse og omsorg

Helse og omsorg er eit sentralt område for det regionale samarbeidet. Kommunane står overfor mange av dei same utfordringane, mellom anna fleire eldre innbyggjarar, større behov for samansette tenester, mangel på helsepersonell, behov for betre bruk av teknologi og kompetanse og krav om betre samhandling mellom kommunale tenester og spesialisthelsetenesta.

Kommunane har eit formalisert samarbeid med Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus. Gjennom områdeutvalet for Nordhordland og andre arenaer kan kommunane samordne behov og interesser i møte med sjukehusa. Samhandlingskoordinatoren i Region Nordhordland IKS har ei sentral rolle som sekretariat og koordinator.

Region Nordhordland Helsehus er eit sentralt verkemiddel i samarbeidet. Helsehuset er både ein stad for samlokalisering av kommunale, interkommunale og spesialiserte tenester og ein arena for fagutvikling, innovasjon og utvikling av framtidsretta tenestemodellar. Region Nordhordland IKS hadde prosjektleiinga for utgreiinga og gjennomføringa av bygginga og har framleis ei rolle i utviklings- og samarbeidsarbeidet rundt huset, og ikkje minst i dagleg leiing og forvaltninga av bygget

Kostnadane med samhandlingskoordinator har siste åra vore vert dekkja gjennom kontingentmidlar og mest gjennom prosjektmidlar frå statlege instansar.

Regionalt samarbeid på oppvekstfeltet

Alver kommune var fram til våren 2025 vertskommune for Kursregion Nordhordland på oppvekstfeltet. Kommunalsjefane for oppvekst ønskte å styrke samarbeidet, og ressursen blei auka frå 60 til 100 prosent stilling. Dei siste 40 prosentane blei finansierte med eksterne midlar.

Samarbeidet omfattar mellom anna kompetanseutvikling, leiarutvikling, inkluderande barnehage- og skulemiljø, oppfølging av nyutdanna, overgangar mellom barnehage og skule og mellom skuleslag, karriererettleiing og organisering av munnleg og munnleg-praktisk eksamen.

Dei seinare åra har tidleg innsats, førebygging, bekymringsfullt skulefråvær, fråfall og utanforskap fått stor merksemd. Dette er utfordringar som krev koordinering mellom fleire tenester og

fagområde. Den regionale organiseringa gir kommunane ein felles ressurs som kan koordinere utviklingsarbeid, bygge nettverk og legge til rette for felles satsingar i regionen.

Samarbeidet gir også betre føresetnader for å utvikle prosjekt saman med andre kommunar, forskingsmiljø og utdanningsinstitusjonar og for å søke om eksterne utviklingsmidlar. Dette er ein viktig del av den samla nytten av samarbeidet. Kostnadane med stillinga vert som tidlegare dekkja av kommunane, men også gjennom prosjektmidlar. Samarbeidet hadde ingen direkte kostnader for kommunane i 2025, då vart alt dekkja gjennom midlar frå ulike prosjekt.

Digitalisering, IKT og digital tryggleik

Digitalisering og innovasjon er det økonomisk største området i det regionale samarbeidet. Området har i saka eit samla budsjett på om lag 20 millionar kroner, og Alver kommune sin del er oppgitt til om lag 5,5 millionar kroner.

IKT Nordhordland og Digitalisering og innovasjon er to sjølvstendige einingar med ulike oppgåver og styringslinjer. IKT Nordhordland har hovudansvar for stabil, sikker og effektiv drift av digital infrastruktur og IKT-løysingar. Digitalisering og innovasjon arbeider i større grad med utvikling og omstilling av kommunale tenester, mellom anna innføring av nye digitale løysingar, prosessforbetring, innovasjon og gevinstrealisering.

IKT Nordhordland er organisert som eit kommunalt oppgåvefellesskap, medan Digitalisering og innovasjon i dag ligg i Region Nordhordland IKS. Ulik eigar- og deltakarstruktur gir styringsmessige problemstillingar, særleg når kommunar deltek i IKT-samarbeidet utan å vere eigarar i Region Nordhordland IKS.

Region Nordhordland organiserer også eit felles arbeid med digital tryggleik og personvern. Føremålet er å nytte kompetanse og ressursar best mogleg og styrke kommunane si evne til å førebygge, oppdaga og handtere digitale hendingar. Det samla budsjettet er i saka oppgitt til om lag 2,2 millionar kroner, og Alver kommune sin del til om lag 416 000 kroner.

Andre regionale satsingar

Det regionale samarbeidet omfattar også fleire andre oppgåver og satsingar. Desse illustrerer breidda i dagens samarbeid og at oppgåvene spenner frå utviklingsprosjekt til meir konkrete fellesfunksjonar.

- Kompetanseprosjektet arbeider med rekruttering av lærlingar og oppfølging av målet om 100 prosent lære plassar. Alver kommune sin del er 293 000 kroner.
- Nordhordland digital omfattar mellom anna drift av den regionale kartløyninga. Alver kommune sin del er oppgitt til om lag 680 000 kroner. Her fakturerer Alver ei halv stilling tilbake til samarbeidet, og får inntekta frå dette. Nordhordland digital er meint overført frå Region Nordhordland IKS saman med DI til nytt KO frå 1. januar.
- Kontrollutvalssekretariatet gir kommunen tilgang til eit uavhengig fagmiljø for oppfølging av kontrollutvalet. Alver kommune sin kostnad er 394 000 kroner.
- Utdanningsmessa er eit felles tiltak for rekruttering, utdanningsinformasjon og rettleiing til ungdom i regionen. Alver kommune sin del er 80 000 kroner. Regionrådet / Region Nordhordland IKS betalar Nordhordland Næringslag for å utføra dei administrative oppgåvene med messa.
- Biosfæreprosjektet omfattar samarbeid om berekraftig samfunnsutvikling, natur, kultur, næring og lokal identitet. Alver kommune sin del er oppgitt til om lag 280 000 kroner, og prosjektet har i 2025 i tillegg hatt ekstern finansiering på om lag 3,0 millionar kroner.

Regionen har også avslutta eller redusert samarbeid der kommunane har vurdert at behovet eller nytten er endra. Etablerartenesta gjennom Invest in Bergen er avslutta, og Alver kommune har trekt

seg ut av det regionale reiselivssamarbeidet og prosjektet Smaken av Nordhordland. Dette viser at porteføljen allereie blir endra over tid.

Kontingent og økonomisk oversikt

Kontingenten til Region Nordhordland har dekt politisk verksemd, felles administrative ressursar og koordinering av det regionale samarbeidet (RNI og IPR). Alver kommune sin del er i saka oppgitt til om lag 2,5 millionar kroner. Den samla kontingenten frå kommunane er oppgitt til om lag 5,5 millionar kroner.

Regionrådet har t.d. 2025 i tillegg finansiert om lag 6,2 millionar kroner av den samla drifta gjennom statlege og fylkeskommunale tilskot. Dette talet vil svinge frå år til år, men er kvart år betydeleg og gir grunnlag for auka aktivitet på viktige område. Den regionale organiseringa gir dermed kapasitet til å søke om, forvalta og utløyse ekstern finansiering. Dette kjem i tillegg til ekstern finansiering knytt til enkeltprosjekt, mellom anna på oppvekst- og biosfæreområdet.

Tabellen under viser kva som er fakturert for 2026.

Etablerartenesta er avslutta og skal ikkje fakturerast vidare. Digitalisering og innovasjon, Nordhordland digital og digital tryggleik utgjør til saman om lag 6,6 millionar kroner for Alver kommune i oversikta.

Fakturert - 2026 på kommunane																	
Kommune	IPR NH kontingent	RNI - kontingent	Etablerar tenesta	Kompetanse- prosjektet	Reiseliv	Digitalisering og innovasjon	NH digitalt	Digital sikkerheit	Sekretariat kontrollutval	Oppvekst	Yrkes og Utdannings- messa (YOU)	FTU helse	Biosfære	Smak av NH	Total 2026	Total 2025	
4628 Vaksdal	119 343	392 153	12 765		95 993	1 069 672	145 420	109 100					77 972		2 022 418	1 852 862	
4629 Modalen	55 938	122 306	1 291	22 077	30 432	480 903	74 579	68 376	108 784	59 022	7 114	0	51 153	13 520	1 095 497	928 529	
4630 Osterøy	197 776	638 123	26 920	89 271	177 092	1 797 985	233 050	159 474	183 460	156 579	0	0	111 147	13 520	3 784 397	3 428 492	
4631 Alver	597 075	1 890 347	0	293 472	0	5 505 788	679 170	415 930	393 684	433 970	79 897	0	280 039	0	10 569 372	9 694 053	
4632 Austrheim	102 107	338 098	9 603	43 027	78 171	909 618	126 162	98 029	133 092	87 815	12 143	0	70 682	13 520	2 022 066	1 807 306	
4633 Fedje	58 328	128 728	1 716	22 907	32 903	503 095	77 250	69 911	110 043	60 348	7 291	0	52 164	13 520	1 138 204	965 626	
4634 Masfjorden	79 022	265 704	5 557	33 318	54 301	695 261	100 371	83 203	120 938	74 239	10 290	0	60 917	13 520	1 596 642	1 423 445	
4635 Gulen	90 411	301 418	7 445	20 893	66 077	801 010	113 095	90 517		78 028	6 144	0	65 734	13 520	1 654 293	1 480 582	
4611 Etne						1 105 987	149 789	211 611							1 467 387		
4612 Sveio						1 383 560	183 186	130 810							1 697 556	1 489 674	
4616 Tysnes						927 440	128 306	149 262							1 205 008	987 503	
4623 Samnanger						832 618	116 897	92 703							1 042 218	897 636	
4625 Austevoll						1 341 360	178 109	127 891							1 647 361	1 432 485	
4641 Aurland						727 877	104 295	85 459							917 630	778 720	
1160 Vindafjord						1 957 703	252 267	345 521							2 555 491		
Total - 2026	1 300 000	4 076 879	65 298	524 966	534 969	20 039 876	2 661 946	2 237 798	1 050 000	950 000	122 880	0	769 809	81 120	34 415 540	28 311 262	
Total - 2025 - budsjett	0	5 145 338	65 298	502 359	511 932	15 747 390	2 478 855	1 463 178	825 253	0	122 880	631 000	736 659	81 120	28 311 262		

Kommunen sine egne oppgåver og regionale oppgåver

Alver kommune har større fagmiljø og administrativ kapasitet enn fleire av dei andre kommunane i regionen og kan på fleire område løyse oppgåver sjølv. Det er likevel ikkje nødvendigvis føremålstenleg å etablera parallelle løysingar på område der kommunane har dei same behova og kan oppnå betre kvalitet, større robustheit eller lågare samla ressursbruk gjennom samarbeid.

Samtidig har Alver kommune egne fag- og utviklingsressursar på fleire av områda der det finst regionale ressursar. Derfor må kommunen styre arbeidsdelinga aktivt. Dersom den same oppgåva blir følgd opp både regionalt og av kommunen sine egne ressursar utan ei tydeleg arbeidsdeling, kan den samla ressursbruken bli høgare enn nødvendig.

Det sentrale spørsmålet er derfor ikkje berre om ei oppgåve kan løysast av Alver kommune, men på kva nivå ho blir løyst best. Dette krev jamlege vurderingar av ansvar, kompetanse, kapasitet, kostnader, gevinstar og kommunen sine egne prioriteringar.

Kommunedirektøren si vurdering

Kommunedirektøren vurderer at hovudstrukturen i det regionale samarbeidet i dag fungerer tilfredsstillande. Skiljet mellom eit politisk regionsamarbeid og administrative, faglege og tenesteretta samarbeid gir i utgangspunktet ei tenleg arbeidsdeling. Det politiske nivået kan konsentrera seg om felles interesser og påverknad, medan faglege samarbeid kan utviklast og styrast ut frå konkrete behov i kommunane.

Det er likevel behov for å utvikle modellen vidare. Særleg bør det bli tydelegare kva det politiske regionsamarbeidet skal prioritere, korleis oppgåvene skal fordelast mellom regionen og kvar kommune, og korleis kommunane kan få gevinstar av ressursane dei finansierer i fellesskap. Først bør kommunane avklare kva regionen skal gjere, og kva som er dei felles politiske prioriteringane. Deretter bør dei vurdere organisering, oppgåvefordeling og ressursnivå ut frå denne bestillinga.

Det politiske samarbeidet bør spissast

Kommunedirektøren vurderer at det politiske samarbeidet gjennom IPR fungerer tilfredsstillande som arena for å drøfte felles saker og stå samla i regionalt påverknadsarbeid. Samtidig kan eit regionalt samarbeid raskt få mange oppgåver. Dersom for mange saker blir definerte som regionale satsingar, kan både den politiske merksemda og dei administrative ressursane bli spreidde.

Det bør derfor vurderast å utarbeide ein kort regional strategi eller eit politisk prioriteringsdokument for ein avgrensa periode. Dokumentet bør ikkje bli ein omfattande plan, men gi svar på kva som er dei viktigaste sakene kommunane skal stå saman om, kva regionen skal bruke politisk påverknadskraft på, og kva oppgåver som i hovudsak skal følgast opp av den enkelte kommunen.

Med utgangspunkt i dagens arbeid framstår samferdsel og regional infrastruktur, som naturleg område for ei slik politisk prioritering. Arbeidet med ny Nordhordlandstunnel viser tydeleg verdien av å stå samla i ei sak med stor betydning for heile bu- og arbeidsregionen. Biosfæreprosjektet er samlande for regionen, men også her bør det vurderast styringsform, ressursutnytting og strategiar for vidare arbeid.

Næringsutvikling bør framleis bygge på at Alver kommune eig og styrer oppfølginga av sin eigen strategiske næringsplan, medan regionen blir nytte i saker der rammevilkåra er regionale og kommunane har felles interesser. Ei slik avgrensing kan redusere risikoen for parallelle prosessar og gjera det tydelegare kva regionen skal bidra med.

Helsesamarbeidet bør vidareførast

Kommunedirektøren vurderer at det er eit klart behov for å halde fram med det regionale samarbeidet på helseområdet. Samhandlingsstrukturen mellom kommunane og helseføretaka er organisert regionalt, og det er lite føremålstenleg at den enkelte kommune etablerer parallelle strukturar for dialog og koordinering mot spesialisthelsetenesta.

Når kommunane i Nordhordland kan samordne behov og faglege og strategiske interesser før møte med Helse Bergen og Haraldsplass Diakonale Sykehus, står kommunane sterkare og kan opptre meir samla. Samhandlingskoordinatoren og dei etablerte arenaene gir kontinuitet i eit område som elles ville krevja ressursar i kvar enkelt kommune.

Region Nordhordland Helsehus representerer i tillegg kompetanse, investeringar og samarbeidsstrukturar som er bygde opp over lang tid. Kommunedirektøren vurderer derfor helse som eit tydeleg døme på eit område der regional organisering gir ein meirverdi som det vil vere vanskeleg og lite effektivt å erstatta med rein kommunal organisering.

Oppvekstsamarbeidet gir fleire gevinstar

Kommunedirektøren vurderer erfaringane frå oppvekstsamarbeidet og Kursregion Nordhordland som gode. Samarbeidet har gitt kommunane ein felles arena for kompetanseutvikling, koordinering og utviklingsarbeid. Den regionale ressursen gjer det mogleg å arbeide meir systematisk og langsiktig enn det som ofte er mogleg når utviklingsarbeidet skal løysast innanfor den ordinære drifta i kvar kommune.

Felles satsingar på tidleg innsats, førebygging, inkluderande barnehage- og skulemiljø og arbeidet mot fråvær, fråfall og utanforskap er område der kommunane står overfor mange av dei same utfordringane. Samarbeidet gir høve til å utvikle metodar, kompetanse og tiltak i fellesskap og til å læra av kvarandre.

Eit viktig tillegg er ekstern finansiering. At kommunane er organiserte i eit regionalt samarbeid gir større kapasitet til å utvikle prosjekt, inngå samarbeid med forskings- og utdanningsmiljø og søke utviklingsmidlar. Kommunedirektøren meiner derfor at den regionale ressursen må vurderast opp mot både kva han kostar og kva utviklingskapasitet og ekstern finansiering han kan utløyse.

Digitalisering og innovasjon er strategisk viktig

Kommunedirektøren vurderer at det er vesentleg å vidareføre eit sterkt regionalt samarbeid om digitalisering, innovasjon og digital tryggleik. Krava til spesialisert kompetanse, sikkerheit, omstilling og investeringar er store, og det er lite realistisk at kvar kommune skal bygge opp parallelle miljø på alle områda.

Samtidig må organiseringa av Digitalisering og innovasjon avklare eigarskap, styring og finansiering for alle deltakarane. Ei framtidig løysing må ta vare på skiljet mellom stabil og sikker drift på den eine sida og tenesteutvikling og innovasjon på den andre, samtidig som einingane må samarbeida tett. Dette bør følgast opp i eiga sak som varsla.

Effektiviseringspotensialet bør først vurderast i eigen organisasjon

Alver kommune er den største kommunen i samarbeidet og har på fleire område eigne fag- og utviklingsressursar som dei mindre kommunane ikkje har i same omfang. Dette kan gi ei utfordring dersom kommunen både finansierer ein regional kapasitet og samtidig held oppe tilsvarande kapasitet internt utan at arbeidsdelinga er avklart.

Kommunedirektøren meiner derfor at det mest relevante effektiviseringsspørsmålet for Alver ikkje først og fremst er korleis kommunen kan redusere deltakinga i dei regionale samarbeida, men om kommunen har tilpassa sin eigen organisasjon til at enkelte oppgåver faktisk blir løyste regionalt.

Gjennom «Alver i endring og omstilling» bør kommunen gå systematisk gjennom korleis oppgåvene og ansvaret er fordelte mellom kommunen og dei regionale samarbeida. Når kommunen betaler for ein felles regional ressurs, bør kommunen vurdere om dette kan redusere eller endre behovet for tilsvarande kapasitet internt. Målet bør vere å unngå parallelle prosessar, redusere dobbeltarbeid og sikre at den samla ressursbruken blir så effektiv som mogleg.

Prinsipp for effektivisering

Regionalt samarbeid bør ikkje automatisk komme i tillegg til eigne ressursar. Når oppgåver blir løyste regionalt, må Alver kommune vurdere kva dette skal bety for arbeidsdeling, kapasitet og ressursbruk i eigen organisasjon.

Oppdrag og dimensjonering av Region Nordhordland

At effektiviseringspotensialet først bør vurderast i eigen organisasjon, er ikkje til hinder for at kommunane også vurderer oppgåvene og dei administrative ressursane i Region Nordhordland. Kontingenten kommunane betaler, dekker fellesressursar til politisk arbeid, administrasjon og koordinering. Eigarkommunane må jamleg kunne vurdere om ressursane er tilpassa oppgåvene.

Kommunedirektøren meiner dette først og fremst bør vere ei felles eigardrøfting mellom ordførarane. Dersom eigarane ønsker ein gjennomgang, bør bestillinga vere tydeleg: Kva oppgåver skal Region Nordhordland løyse? Kva oppgåver skal ikkje lenger prioriterast? Kva ambisjonsnivå ønsker kommunane for politisk påverknad, utviklingsarbeid, prosjektarbeid og koordinering?

Når oppdraget er avklart, kan kommunane vurdere oppgåvene og ressursane og ta stilling til om administrasjonen er rett dimensjonert. Kommunedirektøren vurderer at denne rekkefølga er viktig. Ei vurdering som startar med eit bestemt krav om reduksjon i stillingar eller kontingent, utan at oppdraget først er avklart, kan føre til at kommunane reduserer kapasiteten på område dei samtidig ønsker å prioritere.

Prinsipp for vidare arbeidsdeling

Kommunedirektøren vurderer at regionalt samarbeid bør nyttast når det gir ein dokumenterbar eller sannsynleg meirverdi samanlikna med at kommunen løyser oppgåva åleine. Ved vurderinga bør det særleg leggjast vekt på:

- om oppgåva er felles for fleire kommunar eller krev regional koordinering
- om det er behov for spesialisert kompetanse, større fagmiljø eller større kapasitet
- om samarbeid reduserer sårbarheit eller gir betre kvalitet og lågare samla ressursbruk
- om kommunane har behov for å stå samla overfor staten, fylkeskommunen, helseføretak eller andre aktørar
- om samarbeidet kan utløyse ekstern finansiering, prosjektmidlar eller tilgang til fag- og forskingsmiljø
- om samarbeidet støttar opp under kommunen sine vedtekne planar og strategiar
- om arbeidsdelinga er så tydeleg at ein unngår dobbeltarbeid mellom regionale og kommunale ressursar

Samarbeid bør ikkje vidareførast berre fordi det har eksistert over tid. På same måte bør ikkje oppgåver trekkast tilbake til kommunen berre fordi Alver isolert sett har kapasitet til å løyse dei. Vurderinga må ta utgangspunkt i samla nytte, kvalitet og ressursbruk.

Konklusjon og vidare oppfølging

Kommunedirektøren vurderer samla at Alver kommune får vesentleg nytte av det regionale samarbeidet. Hovudmodellen med eit politisk samarbeid gjennom IPR og faglege og administrative samarbeid på definerte område bør vidareførast.

Det politiske samarbeidet bør spissast gjennom tydelegare felles prioriteringar for kva regionen skal arbeide med. Helse og omsorg og oppvekst er område der dagens samarbeid etter kommunedirektøren si vurdering gir tydeleg meirverdi. Digitalisering, innovasjon og digital tryggleik er også strategisk viktige område, samtidig som organiseringa av Digitalisering og innovasjon må avklarast.

For Alver kommune bør effektiviseringsarbeidet først konsentrere seg om fordelinga av oppgåver mellom kommunen og dei regionale samarbeida. Gjennom «Alver i endring og omstilling» bør kommunen vurdere om eigen organisasjon er tilpassa oppgåvene som blir løyste i fellesskap, og om regional kapasitet kan gi grunnlag for redusert ressursbruk eller ei anna arbeidsdeling internt.

Samtidig bør ordførarane som eigarar drøfte om oppdraget til Region Nordhordland er tydeleg nok, og om dei felles administrative ressursane er tilpassa oppgåvene. Ei slik drøfting bør ta utgangspunkt i oppgåver og politiske prioriteringar først, og organisering og bemanning etterpå.